



Møtereferat - internt

Dykkar ref:

Vår ref
2022/24-9

Saksbehandlar:
Mikko Andree Äijälä, tlf.

Arkivkode:
033

Dato:
15.09.2022

Til:	
Frå:	Mikko Andree Äijälä

Gjeld:	Protokoll frå AMU 15.09.2022
Møtetid:	12:00 – 15:00
Møtestad:	Kommunestyresalen Seljord kommune
Til stades:	Sigbjørn Tvitekkja, hovudtillitsvald Rikke Raknes, rådmann Beate Våge Lia, kommunalsjef Torun Raftevold Rue, kommunalsjef Ingvild Øverland, vara for hovudtillitsvald, Fagforbundet Øyfrid Aufles, hovudtillitsvald UDF Marianne Elsetrønning, bedriftshelsetenesten Avonova
Forfall:	Vigdis Øverland, hovudtillitsvald

Sigbjørn Tvitekkja ynskja velkomen, og særleg velkomen til Torunn Raftevold Rue som er ny i AMU. Ho trådde inn etter Michael Berstad som har slutta i kommunen.

Ingvild Øverland godkjenner protokoll i staden for Vigdis.

Sak 18/22 – Godkjenning av saksliste og innhald

Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent.

19/22 – Godkjenning av protokoll frå førre møte 26/4-22

Vedtak: Protokollen vart godkjent.

Sak 20/22 – Avvik som har kome inn v/Rådmannen

Rådmannen hadde ei rask gjennomgang av innkomne avvik frå og med mai til og med september. Til saman 10 avvik, ingen kategorisert som alvorleg. Fleire avvik som går igjen, til dømes mangel på personell og utagerande elevåtfærd. Dei 10 avvika ble gjennomgått og drøfta i møtet.

Bekymring frå UDF knytt til mangel på personell og trøbbel med å rekruttere folk.

Helse har tatt initiativ til samarbeid med oppvekst knytt til ressurskrevjande brukarar, også blant barn og unge. Skal sjå på korleis vi kan samarbeide betre rundt dei.

AMU ser at einingsleiar har meldt avvik på vegne av tilsette. AMU ber om at opplæring gis slik at den enkelte tilsette sjølv registrerar sine avvik, rådmann ber superbrukar på Compilo fylje det opp dei aktuelle avdelingane.

Vedtak: informasjonen vart teke til vitande

Sak 21/22 – Orientering om sjukefråvær 2. kv. 2022 v/Rådmannen

Rådmannen gjennomgikk tala frå 2. kvartal. Vi er godt nøgde med eit gjennomsnitt på 6,56 % (1,81 % korttidsfråvær og 4,75 % langtids) mot 8,19 % samla i 1. kvartal (4,63 % korttidsfråvær og 3,56 % langtids). Det er stor variasjon mellom einingar og avdelingar.

Vedtak: Informasjonen vart teke til vitande.

Sak 22/22 – Rutine heimekontor – Rutine og avtalemal v/Rådmannen

Forslag på ny retningsline og avtalemal heimekontor vart sendt ut med sakspapira. Saka er tidlegare drøfta i kontaktmøte. Det skal gjerast eit lite arbeid med språkvask før den leggst ut.

Vedtak: AMU tek saka til vitande.

Sak 23/22 – Rutine utdanningsstøtte v/ Beate Våge Lia

Forslag på nye retningsliner og avtalemalar knytt til utdanningsstøtte, samt forslag om stipendordning for grunnutdanning og etter- og vidareutdanning sjukepleie vart sendt ut med sakspapira.

Forslag om å leggje inn i punkt 2 i avtale om stipend at det og kan gjelde utdanning på deltid. Vidare at det må sikrast at arbeidsgivar har styringsrett på kva slags fag det er aktuelt å gi støtte til. Dekking av reiseutgifter og kostnader til bøker o.l. må gjerast lik for alle og vise til overordna rutine.

Vedtak: AMU tek informasjonen til vitande og ber om at følgande tas med i det vidare arbeidet med dette:

Stipend og kan gjelde utdanning på deltid. Vidare at det må sikrast at arbeidsgivar har styringsrett på kva slags fag det er aktuelt å gi støtte til. Dekking av reiseutgifter og kostnader til bøker o.l. må gjerast lik for alle.

24/22 – Evaluering endringsprosessen v/Rådmannen

Rådmannen orienterte munnleg om status for prosessen. Det er gjennomført 4 fokusgruppeintervjuer. Fordi lærarorganisasjonane er i streik må vi vente med det siste intervjuet (oppvekst), og analyse og rapportskriving er difor utsatt på ubestemt tid til streiken er over.

Det er satt i gang arbeid med leiaropplæring med oppstart forhåpentlegvis i haust. Og vi er i gang med å sjå på kve slags medarbeidarundersøking vi skal ta i bruk frå neste år.

Saka kjem opp att i neste møte


25/22 – Eventuelt

- Arbeidsmiljødag – arbeidet med program ble satt litt på vent fordi UDF var i streik, men nå ser det ut som at dei kan delta i slike saker som går på arbeidsmiljø. Arbeidsgruppa bestående av UDF, Fagforbundet, HVO og personalmedarbeidar planlegg eit møte i oktober.
- UDF orienterte kort om oppstart i oppvekst etter ferien. Har stort sett gått bra.
- Spørsmål frå UDF knytt til frikjøp av HTV om kva slags opplæring leiarane får når det gjeld rett og plikt for tillitsvalde? Syns det er krevjande når leiar kommenterar på mykje fråvær. Det er ein utfordring når HTV ikkje er fullt ut frikjøpt. Komande år bør vi forsøke å sette faste dagar for møter med tillitsvalde og HVO.

Ref. Rikke Raknes

Godkjent av:


Rikke Raknes


Ingvild Øverland